



# Prop. 18 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringer i statsbudsjettet 2024 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 22. november 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2024.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 61 Høyesterett

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1,4 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

#### Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Justis- og beredskapsdepartementet er program-partnar i prioriterte mottakarland for EØS-ord-ninga og får refundert kostnadene sine gjennom avtalen med Financial Mechanism Office (FMO). For 2024 er refusjonen forventa å bli 700 000 kro-

ner lågare enn budsjettet. Departementet fore-slår derfor å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 700 000 kroner, jf. omtale under kap. 3400, post 01.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 9,7 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 9 mill. kroner.

##### *Post 70 Overføringer til private*

Løyvinga skal bl.a. dekke tilskot til Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS), som del av arbeidet som departementet gjer for å førebu IKT-trygging på sivil side. NorSIS er frå 2024 ein del av Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og er lokalisert på Gjøvik. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 400, post 70 med 10,1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 457, post 01.

##### *Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjonar*

Løyvinga skal dekke Noreg sine tilskot og kontin-gentar til internasjonale organisasjonar og sam-arbeid på saksområda til Justis- og beredskaps-

departementet. Kostnaden til tilskot til internasjonale organisasjonar er forventa å bli 1,5 mill. kroner høgare enn budsjettet. Dette kjem av at krona har svekt seg mot både euro og sveitsiske franc, og at utgiftene har blitt større som følge av proporsjonalitetsfaktoren i EU/EØS-samarbeidet og at Noregs BNP har vakse relativt til andre land (gjeld særleg ENISA). Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 400, post 71 med 1,5 mill. kroner.

### Kap. 3400

#### *Post 01 Diverse inntekter*

Justis- og beredskapsdepartementet er programpartner i prioriterte mottakarland for EØS-ordninga og får refundert kostnadene sine gjennom avtalen med Financial Mechanism Office (FMO). For 2024 er refusjonen forventa å bli 700 000 kroner lågare enn budsjettet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 3400, post 01 med 700 000 kroner, jf. omtale under kap. 400, post 01.

### Kap. 410 Domstolene

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 27,8 mill. kroner som følge av eit anslag på verdien av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentlig bubehandling, forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølv dekker godtgjersla. Løyvinga på posten er regelstyrt, og det er utfordrande å anslå utgiftene.

Løyvinga på posten avheng av salærsatsen og talet på avslutta saker.

Det er vanskeleg å berekne utgiftene til tvangssal, sidan det er uvisse knytt til konsekvensar av rentenivå og andre endringar i samfunnet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner.

#### *Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler*

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene blir førte i egne saksrekneskapar.

Utgiftene avheng av omfanget av saker og kapasiteten til jordskiftedomstolane til å avvikle desse sakene. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 foreslår departementet å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner.

### Kap. 3410 Domstolene

#### *Post 01 Rettsgebyr*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Gebyrinntektene er reduserte, bl.a. pga. færre konkursar enn venta som følge av etterverknader av koronapandemien. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å redusere løyvinga på posten med 50,6 mill. kroner.

#### *Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene*

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå gebyr som partane i saka betaler. Prognosar frå jordskiftedomstolane viser at anslaga for saks- og gebyrinntekter er usikre.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner.

#### *Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene*

Det er ei meirinntektsfullmakt knytt til posten, jf. kap. 410, post 22. Departementet har fullmakt på posten til postering mot mellomverande med statsskassa. Eventuelle restbeløp blir balanseførte, overførte til påfølgjande år og inntektsførte på eit seinare tidspunkt. Sakene går over fleire rekneskapsår og blir gjorde opp med oppdragsgivaren når dei er avslutta.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

### Kap. 411 Domstoladministrasjonen

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1,6 mill. kroner som følge av eit anslag på verdien av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare

omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### **Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 4,3 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### **Kap. 430 Kriminalomsorgen**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

For å sikre budsjettbalanse på kap. 432, post 01 i 2024 foreslår regjeringa å flytte 8 mill. kroner frå kap. 430, post 01. Flyttinga må sjåast i samanheng med løyvinga tildelt i statsbudsjettet for 2024 på kap. 430, post 01 for å oppnå budsjettbalanse i kriminalomsorga.

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430, post 03 og post 04. Departementet foreslår å auke løyvinga med 23 mill. kroner under kap. 430, post 01 mot ein tilsvarende auke under kap. 3430, post 04. Sjå omtale under kap. 3430, post 04.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 94,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 109,5 mill. kroner.

#### *Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres*

I statsbudsjettet for 2025 er det foreslått 65 mill. kroner til drift av elleve mellombelse plassar for mindreårige innsette. Plassane vil bli etablerte ved Agder fengsel, Evje avdeling. For at plassane skal kunne takast i bruk så raskt som mogleg, foreslår regjeringa 11 mill. kroner til investeringar. Midlane skal nyttast til ombygging av eksisterande bygningsmasse.

I statsbudsjettet for 2025 er det foreslått 40 mill. kroner til å byggje ut fire nye plassar ved Ungdomseining aust på Eidsvoll. Plassane vil vere klare til drift i 2026. Det er mogleg å utvide eininga med ytterlegare to plassar. Dette inneber

eit behov for investeringar allereie i 2024. Regjeringa foreslår derfor 20 mill. kroner til investeringar til ytterlegare utbygging ved Ungdomseining aust.

I statsbudsjettet for 2025 er det òg foreslått 40 mill. kroner til å setje i verk eit lovforslag som opnar for å gjennomføre varetakt med elektronisk kontroll, i tråd med endringane i Prop. 139 L (2022–2023). Regjeringa foreslår 5,5 mill. kroner til nødvendige investeringar for at endringa skal kunne tre i kraft så raskt som mogleg.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 36,5 mill. kroner.

#### *Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv.*

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetaktssurrogat. Det er domstolane som avgjer prøvelauslatingar frå forvaring for opp-hald i institusjon eller kommunal bustad.

Den oppdaterte prognosen tilseier eit meirforbruk på posten i 2024 på 19,5 mill. kroner. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 430, post 60 med 19,5 mill. kroner.

### **Kap. 3430 Kriminalomsorgen**

#### *Post 04 Tilskudd*

Inntektene på posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselsamarbeid under EØS-finansieringsmekanismene. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt som kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Refusjon for påkomne utgifter til det internasjonale arbeidet kriminalomsorga gjer, vil gi ei meirinntekt i 2024 på 25 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 25 mill. kroner mot ein auke på kap. 430, post 01 (på 23 mill. kroner) og kap. 432, post 01 (på 2 mill. kroner).

### **Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet**

#### *Post 01*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 2,7 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

#### Post 01 Driftsutgifter

KRUS har ein utfordrande økonomisk situasjon. Det er sett i verk tiltak for å redusere utgifter, bl.a. å halde stillingar vakante. Prognosen viser likevel eit forventa meirforbruk på posten. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 432, post 01 med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 430, post 01. Sjå omtale under kap. 430, post 01.

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3430, post 03 og post 04. Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 432, post 01 med 2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 3430, post 04. Sjå omtale under kap. 3430, post 04.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 4,9 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 14,9 mill. kroner.

### Kap. 433 Konfliktrådet

#### Post 01 Driftsutgifter

I statsbudsjettet for 2025 er det foreslått 34 mill. kroner. til å gjennomføre lovendringar og for-betre ungdomsreaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, jf. Prop. 114 L (2023–2024), og til å etablere hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år. For å setje i verk endringane så raskt som mogleg foreslår regjeringa å løyve 1 mill. kroner til å dekke meirkostnader i konflikt-rådet.

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3433, post 02. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 433, post 01 med 129 000 kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 3433, post 02. Sjå omtale under kap. 3430, post 04.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 2,9 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 4,0 mill. kroner.

### Kap. 3433 Konfliktrådet

#### Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktrådet har i samband med kurs og konferansar.

Departementet foreslår å auke løyvinga på pos-ten med 129 000 kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 433, post 01, grunna auka inntekter i sam-band med eit prosjekt knytt til EØS-samarbeidet.

### Kap. 440 Politiet

#### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i politi-distrikta, dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta og politiet sine egne særorgan, med unntak av Politihøg-skolen og PST, som får løyvingane sine over høves-vis kap. 442 og kap. 444. Utgifter til påtalemakta i politiet blir budsjetterte på kap. 443, post 01, og utgifter til Politidirektoratet blir budsjetterte på kap. 441, post 01. Justis- og beredskapsdeparte-mentet har i 2024 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3440, post 02, post 03 og post 04.

#### Færre produserte pass

Som følgje av redusert etterspurnad etter pass og ID-kort er det i år produsert færre ID-dokument enn planlagt. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 19 mill. kroner som følgje av reduserte utgifter politiet, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

#### Overføring av ansvar for helsetenester på Trandum

Ansaret for helsetenestene på Utlendingsinter-natet på Trandum skal overførast til kommunen. Overdraginga er forsinka, og er utsett til 1. januar 2025. Departementet foreslår derfor å auke løy-vinga med 5,4 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på Helse- og omsorgsdepartementets kap. 762, post 61.

#### Korrekt postbruk – flytting av RNB-midlar

I revidert nasjonalbudsjett 2024 vart kap. 440, post 01 auka med totalt 1 778,8 mill. kroner. Ein del av midlane skal styrke grunnfinansieringa i politiet. Finansieringa av dette formålet gjeld òg kap. 441, 442, 443 og 448. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med

22,2 mill. kroner mot tilsvarende samla auke på høvesvis kap. 441, 442, 443 og 448.

*Lågare aktivitet i politiinnsats utført for organisasjonar, lag, offentlege etatar m.m.*

Som følgje av redusert aktivitet i politiinnsats som er utført for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar, er det venta reduserte refusjonar i 2024. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 40 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 02.

*Færre oppdrag i samband med vakthald m.m.*

Som følgje av færre oppdrag i samband med vakt-hald på festivalar, konsertar, fotballkampar osv. er det venta reduserte refusjonar. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 10 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 03.

*Lågare utgifter som følgje av lågare inntekter frå vakt-selskap og etterkontroll av skytevåpen*

Som følgje av færre oppdrag frå vakt-selskap og færre etterkontrollar av skytevåpen er det venta reduserte inntekter. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 04.

*Lønnsoppgjeret i staten*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 423,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finans-departementet.

*Oppsummering*

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 336 mill. kroner.

*Post 22 Søk etter antatt omkomne, kan overføres*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter personar ein reknar med er omkomne. Posten dekker òg nokre personellutgifter og ev. utgifter til å betre søkemetodane.

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2,3 mill. kroner.

*Post 25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning*

Løyvinga på posten dekker dei variable utgiftene til retur av tidlegare asylsøkarar med avslag og personar som er bort- og utviste etter utlendings-lova.

På bakgrunn av oppdaterte rekneskapstal og prognosar for retur er det forventa eit mindre-forbruk på posten. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

*Post 48 Tildelinger fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, kan overføres*

Løyvinga på posten dekker løyvingane til nasjo-nale prosjekt under EUs grense- og visumfinan-sieringsordning (BMVI).

Det er venta auka prosjektstøtte frå BMVI i 2024. Auken medfører tilsvarende auka refusjon frå EU over kap. 3440, post 08 seinare år.

Departementet foreslår derfor å auke løyving med 1,5 mill. kroner.

*Post 73 Internasjonale forpliktelser, mv., kan overføres*

Løyvinga på posten dekker utgifter i samband med internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbeta-lingar til EUs grense- og visumfinansierings-ordning (BMVI), Det europeiske byrået for opera-tiv forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex).

Noreg si tilknytning til BMVI var forseinka, jf. Prop. 18 S (2023–2024), og Noreg vart formelt til-knytt ordninga først 1. juni 2024. Noreg sitt bidrag til fondet for både 2023 og 2024 er derfor venta å forfalle i år.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 332 mill. kroner.

*Post 74 Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler*

Løyvinga på posten dekker utgifter i samband med våpen som blir leverte inn som følgje av ei ordning for mellombels destruksjonspant i perio-den 2022–2024.

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2 mill. kroner.

## Kap. 3440 Politiet

### *Post 01 Gebyr – pass og våpen*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingsgebyr for utferding av pass og våpenløyve.

### *Pass og ID-kort*

Som følgje av redusert etterspurnad etter pass og ID-kort er det i år produsert færre ID-dokument enn planlagt. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 275 mill. kroner som følgje av reduserte inntekter til politiet, jf. omtale under kap. 440, post 01.

### *Post 02 Refusjoner mv.*

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 reknar ein med lågare refusjonar i politietaten i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 40 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

### *Post 03 Salgsinntekter*

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 reknar ein med lågare salsinntekter i politietaten i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

### *Post 04 Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen*

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 reknar ein med lågare salsinntekter og færre etterkontrollar av deaktiverte skytevåpen i politietaten i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

### *Post 06 Gebyr – utlendingssaker*

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent opphaldsløyve.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar på fordeling av sakstypar i tillegg til ein reduksjon i talet på visse søknader foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 3,9 mill. kroner.

### *Post 07 Gebyr – sivile gjøremål*

Løyvinga på posten dekker gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr frå tvangsforretningar og forlikrådsbehandling. Politiet har store restansar, både i utleggssaker og i gjeldsordningssaker, og vil ikkje nå inntektsløyvinga på posten.

Politiet har motteke færre utleggssaker enn venta, og det er nedgang i talet på avslutta forlikssaker. Det har òg vore utfordringar med å oppretthalde grunnbemanninga, noko som har ført til at eit mellombels restanseprosjekt til no ikkje har resultert i ein auke i behandla saker som venta, og restansane har auka. Samla sett gir dette lågare inntekter enn berekna.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 30 mill. kroner.

### *Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger*

Posten dekker refusjonar frå EU sine grense- og visumfinansieringsordningar. Refusjonane på posten er baserte på det rekneskapsførte forbruket i prosjekta som har fått løyving over kap. 440, post 48. I 2024 får Noreg refusjonar frå EU for prosjekt knytte til Det indre tryggleiksfondet (ISF-fondet).

Dei totale refusjonane frå EU utgjer om lag 55 mill. kroner i 2024. Derfor foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3440, post 08 med 24 mill. kroner.

## Kap. 441 Politidirektoratet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til Politidirektoratet. I revidert nasjonalbudsjett 2024 vart kap. 440, post 01 auka med totalt 1 778,8 mill. kroner. For å få korrekt postbruk foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 441 med 5,3 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 7,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verkoden av lønnsoppgjering for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 12,8 mill. kroner.

**Kap. 442 Politihøgskolen***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til Politihøgskolen.

*Korrekt postbruk – flytting av RNB-midlar*

I revidert nasjonalbudsjett 2024 ble kap. 440, post 01 auka med totalt 1 778,8 mill. kroner. Ein del av midlane skal styrke grunnfinansieringa i politiet. For å få korrekt postbruk foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 442 med 9,5 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

*Høgare salsinntekter*

Politihøgskolen har i 2024 hatt høgare salsinntekter enn venta. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 3442, post 02.

*Lågare inntekter frå eksterne forskingsmidlar*

Som følgje av lågare inntekter frå eksterne midlar til forskning ved Politihøgskolen i 2024, er det venta reduserte inntekter. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 3442, post 03.

*Lønnsoppgjeret i staten*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 10,3 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

*Oppsummering*

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 442, post 01 med 21,5 mill. kroner.

**Kap. 3442 Politihøgskolen***Post 02 Diverse inntekter*

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 reknar ein med høgare salsinntekter for Politihøgskolen i 2024. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 442, post 01.

*Post 03 Eksterne forskningsmidlar*

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2024 reknar ein med lågare inntekter frå eksterne forskingsmidlar i Politihøgskolen i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 442, post 01.

**Kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til påtalemakta i politiet.

I revidert nasjonalbudsjett 2024 vart kap. 440, post 01 auka med totalt 1 778,8 mill. kroner. Ein del av midlane skal styrke grunnfinansieringa i politiet. For å få korrekt postbruk foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 443 med 6,6 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 35,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 42,1 mill. kroner.

**Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drifta av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

*Eit høgt aktivitetsnivå i PST som følgje av trusselnivået*

Aktivitetsnivået i PST har vore høgt også i 2024, noko som heng saman med den tryggingspolitiske situasjonen og trusselnivået.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 31 mill. kroner.

*Lågare aktivitet innan bistandsarbeid til andre verksemder*

Som følgje av redusert aktivitet i PST sitt bistandsarbeid for andre verksemder, til dømes Utanriksdepartementet, er det venta reduserte refusjonar i 2024. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med

5,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3444, post 02.

#### *Lønnsoppgjeret i staten*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 30,3 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

#### *Oppsummering*

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 444, post 01 med 56,1 mill. kroner.

### **Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste**

#### *Post 02 Refusjoner*

På posten blir det ført rekneskap over inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag og særskild bistand til Utanriksdepartementet. Jf. omtale under kap. 444, post 01, reknar ein med lågare refusjonar til PST i 2024.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 5,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 444, post 01.

### **Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 7,9 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### **Kap. 446 Den militære påtalemyndighet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 95 000 kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### **Kap. 448 Grensekommisæreren**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for Grensekommisæreren. I revidert nasjonalbudsjett

2024 ble kap. 440, post 01 auka med totalt 1 778,8 mill. kroner. For å få korrekt postbruk foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 448 med 0,8 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 68 000 kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 895 000 kroner.

### **Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

#### *Kontingent for deltaking i EUs ordning for sivil beredskap*

Løyvinga skal bl.a. dekke den årlege kontingenten for at Noreg skal delta i EU si ordning for sivil beredskap (UCPM). Kontingenten for 2024 vart lågare enn tidlegare venta, bl.a. grunna ei avrekning for 2022.

Derfor foreslår departementet å redusere løyvinga med 34,5 mill. kroner.

#### *Realistisk budsjettering av refusjonsinntekter*

Løyvinga skal bl.a. dekke utgifter som DSB får refundert frå andre verksemder, inkl. administrative tenester til Valdirektoratet, som er samlokalisert med DSB, og variable overføringar og tilskot frå EU og EØS.

Ein gjennomgang av årlege inntekter i perioden 2019 til og med 2023 viser at årlege meirinntekter på kap. 3451, post 06 er på om lag 10 mill. kroner.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 451, post 01 med 10 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 3451, post 06.

#### *Lønnsoppgjeret i staten*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 22,4 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

#### *Oppsummering*

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 451, post 01 med 2,1 mill. kroner.



### *Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett*

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. Kjøp av utstyr i Nødnett på vegner av brukarane er venta å bli 40 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 40 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 3451, post 05.

Staten har kontrakt om drift av Nødnett til og med 2026. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har etter mandat frå departementet forhandla fram ny kontrakt om å vidareføre Nødnett ut 2031, jf. forslag til vedtak.

### *Post 23 Variable utgifter til EUs ordning for sivil beredskap*

Løyvinga skal dekke alle utlegg DSB har i samanheng med ekstraordinære oppdrag gjennom EU si ordning for sivil beredskap (UCPM), som lønn, reiser, frakt og andre driftsutgifter.

DSBs aktivitet i EUs ordning for sivil beredskap har vore høgare enn det som vart føresett ved inngangen til året.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

### *Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold*

Løyvinga skal dekke utgifter for større investeringar i Nødnett og for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Løyvinga på posten vart auka med 91,2 mill. kroner i 2024 grunna Telenor si utfasing av koparnettet. Oppdaterte estimat frå leverandørane i tillegg til erfaring og effektivisering tilseier at utfasinga vil bli rimelegare enn føresett.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 451, post 45 med 17,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3451, post 04.

## **Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap**

### *Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett*

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar av Nødnett for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som er bestilt av DSB gjennom avtalane deira.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 3451, post 04 med 17,8 mill. kroner mot ein

tilsvarande reduksjon på kap. 451, post 45, jf. omtale under kap. 451, post 45.

### *Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett*

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekker løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar av Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 3451, post 05 med 40 mill. kroner mot ein tilsvarande auke i løyvinga på kap. 451, post 22, jf. omtale under kap. 451, post 22.

### *Post 06 Refusjoner*

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemdar, irekna refusjonar for administrative tenester til Valdirektoratet, som er samlokalisert med DSB, og variable overføringar og tilskot frå EU og EØS.

Departementet forslår å auke løyvinga på kap. 3451, post 06 med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 451, post 01, jf. omtale under kap. 451, post 01.

### *Post 07 Refusjoner frå EU i forbindelse med variable utgifter knyttet til EUs ordning for sivilberedskap*

Løyvinga på posten består av refusjonar frå EU for utgifter som DSB har hatt under kap. 451, post 23, og som er knytte til ekstraordinære oppdrag som DSB har gjennom EU si ordning for sivil beredskap (UCPM).

Refusjonane som DSB får frå EU, kjem ofte etterskotsvis året etter at oppdraga er gjennomførte. Ein del av utgiftene frå årets aktivitetar vil derfor først bli refunderte i seinare budsjettår. Især gjeld dette DSB sine utgifter til medisinsk evakuering frå Ukraina.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 3451, post 07 med 31,2 mill. kroner.

## **Kap. 452 Sentral krisehåndtering**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 505 000 kroner som følge av eit anslag på verkningen av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

**Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1,1 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finans-departementet.

**Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og pro-sjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Ein forventar lågare utbetaling til leverandø-ren, i tillegg til auka valutautgifter i samband med dei redningshelikopterbasane som er sette i drift med SAR Queen. Det er eit forventa mindrefor-bruk i driftsutgiftene på til saman 16,9 mill. kroner. Av denne innsparinga blir 4 mill. kroner omdispon-erte til å dekke meirutgifter i Luftforsvaret, som er operatør av dei nye redningshelikoptera. Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,0 mill. kroner som følgje av høgare valuta-utgifter i samband med Tromsø-basen.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 6,1 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finans-departementet.

*Oppsummering*

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med til saman 5,8 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold*

Løyvinga på posten dekker investeringar i sam-band med kjøp av nye redningshelikopter og bygging av ein ny redningshelikopterbase i Bodø som følgje av at Bodø lufthamn skal flyttast.

*Prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter*

Grunna forseinkingar i prosjektet blir milepælar, og dermed kostnader, forskyvde frå 2024 til 2025 og 2026. Saman med endringar i utgiftene til bl.a. helikopterleverandøren, eigedom, bygg og anlegg, utbetring av landingsplassar ved sjukehus og opp-gradering av IKT fører dette til at kostnadene til prosjektet blir lågare enn venta. Departementet

foreslår å redusere løyvinga med 208,8 mill. kroner.

*Bygging av ny redningshelikopterbase i Bodø*

Det blir foreslått å redusere løyvinga som er sett av til bygging av ny redningshelikopterbase i sam-band med at Bodø lufthamn skal flyttast, med 13 mill. kroner. Dette kjem av at utbetalingane blir forskyvde til seinare år.

*Oppsummering*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 221,8 mill. kroner.

**Kap. 455 Redningstjenesten***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 2,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finans-departementet.

*Post 71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten*

Løyvinga på posten dekker tilskot til Frivillige Organisasjoners Redningsfaglige Forum (FORF) og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av paraplyorganisasjonen FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre sær-s relevante frivillige organisasjonar innanfor redningstenesta.

Løyvinga på posten vart auka med 15 mill. kro-ner i 2024 for å dekke kostnadene som dei fri-villige organisasjonane i redningstenesta har i samband med utskifting av koparnettet, jf. Prop. 1 S (2023–2024) for Justis- og beredskapsdepar-te mentet og Innst. 6 S (2023–2024). Dei frivillige organisasjonane sin del av kostnadene vart om lag 12 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å redusere løy-vinga med 3,0 mill. kroner.

**Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM.

### *Overdraging av Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS)*

Det er i saldert budsjett 2024 gitt løyving på kap. 400, post 70 til tilskot til Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS), som ein del av arbeidet som departementet gjer for å førebu IKT-trygging på sivil side. NorSIS er frå 2024 ein del av Nasjonalt tryggingssorgan (NSM), med same arbeidsstad som før, på Gjøvik.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 457, post 01 med 10,1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 400, post 70.

### *Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI)*

Som følge av avtalen mellom Forsvaret og NSM om varslingsystem for digital infrastruktur (VDI) vil utgiftene for NSM auke med 7 mill. kroner, med tilsvarende auka inntekter under kap. 3457, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 3457, post 01.

### *Flytting av tilleggsløyving frå revidert nasjonalbudsjett*

I samband med Stortingets behandling av Innst. 447 S (2023–2024), jf. Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*, vart det vedteke å auke løyvinga under kap. 457, post 01 med 90 mill. kroner. Delar av løyvinga blir nytta til større utstyrsanskaffingar og levetidsforlengingar av IT-system, som er investeringar.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 457, post 01 med 20 mill. kroner mot ein tilsvarende auke i løyvinga på kap. 457, post 45.

### *Lønnsoppgjeret i staten*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 10,3 mill. kroner som følge av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### *Oppsummering*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7,4 mill. kroner.

### *Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold*

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 457, post 45 med 20 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga på kap. 457, post 01, jf. omtale under kap. 457, post 01.

## **Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet**

### *Post 01 Inntekter*

#### *Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI)*

Som følge av avtalen mellom Forsvaret og NSM om varslingsystem for digital infrastruktur (VDI) vil utgiftene for NSM auke med 7 mill. kroner, med tilsvarende auka inntekter under kap. 3457, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 457, post 01.

## **Kap. 460 Spesialenheten for politisaker**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1,3 mill. kroner som følge av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

## **Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker for personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørande av eller etterlatne etter den fornærma. Posten er regelstyrt.

Det har vore ein auke i talet på saker, og dei fleste sakene er større og meir kostnadskrevjande enn i same periode i fjor. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 466, post 01 med 141,7 mill. kroner.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 2,2 mill. kroner som følge av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 143,8 mill. kroner.

## Kap. 468 Kommissjonen for gjenopptakelse av straffesaker

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 550 000 kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finans-departementet.

## Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning

### Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsbevilgning

Posten blir nytta når staten blir dømd til eller har inngått forlik om å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ikkje-lovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten er regelstyrt.

Det er fleire forhold som påverkar forbruket på posten. I saker der det blir forhandla om rettsforlik er det utfordrande å føresjå når det blir semje. Det er òg uvisse knytt til tidspunktet for utbetaling i erstatningssaker som blir tekne til domstolen, sidan utbetalingane ikkje blir klar-gjorde før det føreligg ein rettskraftig dom. I 2024 har det vore fleire uvanleg store enkeltutbeta-lingar på posten, bl.a. erstatninga i Tengs-saka.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga på kap. 471, post 71 med 118,4 mill. kroner.

### Post 73 Stortingets rettfærdsvederlagsordning

Posten dekkjer utbetalingar av rettfærdsvederlag. Rettfærdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har komme sær-leg uheldig ut i møtet med det offentlege i forhold til andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. Statens sivilrettsforvaltning er sekre-tariat for Stortingets utval for rettfærdsvederlag.

På bakgrunn av utviklinga i utbetalingar av rettfærdsvederlag foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 471, post 73 med 2,9 mill. kroner.

## Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 2,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-

naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finans-departementet.

### Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten skal dekke erstatning i saker etter valdserstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Den nye valdserstatningslova tredde i kraft 1. januar 2023. Det er meir komplisert å anslå utgiftene på posten sidan det no blir utbetalt erstatning etter både den gamle og den nye lova. Det er òg store restansar etter den gamle lova, som vil påverke utbetalingane på posten i fleire år framover.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga på kap. 473, post 70 med 35 mill. kroner.

## Kap. 475 Bobehandling

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekkjer utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73.

Talet på saker har vore stigande sidan 2021.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga på kap. 475, post 01 med 2,7 mill. kroner.

## Kap. 480 Svalbardbudsjettet

### Post 50 Tilskudd

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 480, post 50 med 15,5 mill. kroner.

For sjølve svalbardbudsjettet foreslår departe-mentet følgjande:

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 0003, post 50 Tilskudd til Longyearbyen lokalstyre, med 15,0 mill. kroner, til støtte for å halde oppe flyfraktkapasitet mellom Svalbard og fastlandet. Den auka løyvinga blir foreslått som eit ekstraordinært omstillingstilskot for å sørge for at Longyearbyen lokalstyre kan skaffe til veie nød-vendig flyfraktkapasitet i 2025, inntil dei lokale aktørane har komme fram til ei langsiktig løysing. Ein skal kunne tilby kapasitet til alle aktørar som treng denne typen flyfrakt på marknadsmessige vilkår, svarande til kjøp av same kapasitet frå kommersielle rute-fly. Dersom meirutgiftene til

frakten blir lågare enn tilskotet, skal Longyearbyen lokalstyre betale tilbake overskytande tilskot.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 0003, post 50 Tilskudd til Longyearbyen lokalstyre med 200 000 kroner som følgje av overføring frå Helse- og omsorgsdepartementet sitt kap. 710 til vaksinasjon mot covid-19. Løyvinga skal dekke oppfriskingsdose til befolkninga 65 år og eldre òg risikogrupper.

Departementet foreslår å auke kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard post 01 driftsutgifter med 270 000 kroner, mot tilsvarende auke på kap. 3022 post 01 diverse inntekter. Dei auka inntektene skuldast at ein har inngått avtale med Sysselmeisteren om arbeid med refusjon av miljøavgift for fastbuande.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 3030, post 70 Skatter m.m., med 30,0 mill. kroner som følgje av høgare rekna skatteinntekter for 2024. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 3030 post 71 utførselsavgift med 700 000 kroner, som følgje av høgare rekna utførselsavgift for 2024. Tilskotet til svalbardbudsjettet blir redusert tilsvarende, som ei parallelljustering.

### **Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 745 000 kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

### **Kap. 490 Utlendingsdirektoratet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UDI. Det inkluderer lønn til tilsette, IT-system, utstyr og anskaffingar, med unntak av større investeringar og mottak for asylsøkarar.

Departementet foreslår å auke løyvinga med til saman 1,1 mill. kroner pga. auka refusjonar, jf. omtale under kap. 3490, post 05.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 22,2 mill. kroner som følgje av eit anslag på verk-naden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 23,3 mill. kroner.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar.

Det er eit mindrebehov til innkvartering av asylsøkarar, som i all hovudsak kjem av ein lågare prognose på talet på asylsøkarar og dermed færre bebuarar i mottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 446,4 mill. kroner.

#### *Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse*

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandling av asylsaker. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikring av intervju og omsetjingar.

Det er no eit mindreforbruk på posten, som i hovudsak kjem av at UDI fører vidare det mellom-belse tiltaket om å ikkje gjennomføre vedtaks-samtalar. Tiltaket blir ført vidare pga. redusert kapasitet som følgje av krigen i Ukraina.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

#### *Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak*

Vertskommunetilskotet skal dekke gjennomsnitt-lege utgifter til helse, barnevern, tolk, admini-strasjon m.m. i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen.

Løyvingsbehovet er mindre enn venta i hovud-sak pga. at det er færre bebuarar i mottak og færre vertskapskommunar enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 37,4 mill. kroner.

#### *Post 70 Stønader til beboere i asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til faste økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og ev. andre nødvendige ytingar.

Løyvingsbehovet er mindre enn venta, som følgje at det er færre bebuarar i mottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 16,7 mill. kroner.

*Post 71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i mottak, og veiledning for au pairar*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning til aktivitetstilbud for barn i mottak og utgifter til tilskot til informasjons- og rett-leiingstiltak for au pairar.

Det er eit mindreforbruk på posten som kjem dels av at fakturaen for rettlegeing for au pairar vart 135 000 kroner lågare enn det var lagt til grunn i budsjettet, og dels av ubrukte midlar til tilskot til aktivitetstilbud for barn i mottak på 182 000 kroner.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 317 000 kroner.

*Post 72 Assistert retur og reintegrering i heimlandet*

Løyvinga på posten skal bidra til at personar som har fått endeleg avslag på søknaden om vern, og andre personar som ikkje har lovleg opphald i Noreg, returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg leggje til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet. Posten finansierer stønadsordningar og tilskotsordningar som kan nyttast til informasjons- og motivasjonsarbeid, som skal bidra til assisterte returar eller tilbakevendingar frå Noreg.

På posten er det behov for 16,3 mill. kroner meir til tilbakevending, som kjem av ein betydeleg auke i talet på ukrainarar som vil nytte seg av ordninga. Det er samstundes eit mindrebehov på 3,3 mill. kroner til returar, som følgje av ein lågare prognose på talet på søknader om assistert retur. Vidare er det eit mindrebehov på 1,5 mill. kroner til assistanse på reisa i samband med tilbakevending for personar som har komme til Noreg for behandling gjennom Medevac-ordninga, og som har behov for assistanse på reisa.

Departementet foreslår samla sett å auke løyvinga med 11,5 mill. kroner.

*Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres*

Løyvinga skal dekke kontingentar og andre innbetalningar Noreg har til internasjonale samarbeidsorgan på migrasjonsområdet. Storleiken på rekningane til kvart deltakarland er avhengig av relativ del BNP.

Det er venta eit mindrebehov på 21 mill. kroner til Noregs bidrag til EUs asylbyrå, European Agency for Asylum (EUAA). Mindrebehovet knyter seg dels til at Noreg enno ikkje har skrive under på tilknytingsavtalen med EUAA, slik at

Noreg sitt bidrag framleis blir berekna ut frå den tidlegare tilknytingsavtalen med European Union Agency for Asylum (EASO). Mindrebehovet kjem òg dels av at Noreg sin del av rekninga blir lågare enn tidlegare berekna.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 21 mill. kroner.

*Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, kan overføres*

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og ev. reiser i samband med anna byrdedeling. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

UDI har ein avtale om reiselogistikk for overføringsflyktningar med FN-organisasjonen International Organization for Migration (IOM). Storleiken på rekninga til IOM avheng bl.a. av talet på reiser til Noreg, kvar reisa er frå, og valutakurs. I 2024 ventar UDI å betale rekning til IOM for både 2023 og 2024. Det er lågare utgifter til IOM for begge år enn tidlegare forventa, som følgje av rimelegare reiser og valutakurs.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,1 mill. kroner.

## **Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet**

*Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter*

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 01 og 75.

Som følgje av endringar på kap. 490, post 75 og justeringar i berekningsgrunnlaget på kap. 490, post 01 foreslår departementet å auke løyvinga med 969 000 kroner.

*Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter*

Visse innanlandske utgifter til innkvartering av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 21, 60, 70 og 71. Inntektsanslaget er redusert pga. eit mindre behov for mottaksplassar. Reduksjonen kjem av underliggjande endringar i berekningsgrunnlaget som er beskrivne i kap. 490, post 21, 60, 70 og 71.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 661,8 mill. kroner.

*Post 05 Refusjonsinntekter*

Inntektsanslaget aukar med 1,1 mill. kroner pga. høgare refusjonar frå ulike samarbeidsprosjekt. Meirinntekta knyter seg til ressursbruk i UDI, og det blir derfor foreslått ein tilsvarende auke på kap. 490, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 490, post 01.

*Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter*

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Dei siste prognosane tilseier lågare utgifter til tolk og omsetjing på kap. 490, post 22 i 2024.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 5,9 mill. kroner.

*Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter*

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og/eller transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Inntektsanslaget knyter seg til utgifter på kap. 490, post 72 og post 76. Det er fleire tilbakevendingar, som fører til høgare ODA-godkjende utgifter.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 11,6 mill. kroner.

**Kap. 491 Utlendingsnemnda***Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under post 21*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE.

Det ligg an til eit meirforbruk på opptil 1,3 mill. kroner til nemndbehandling på kap. 491, post 21. Auken kjem av at det er fleire saker enn tidlegare anslått. Kap. 491, post 01 og 21 har stikkorda «kan nyttas under».

Departementet foreslår å redusere løyvinga på denne posten med 1,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på post 21, jf. omtale under post 21.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 5,2 mill. kroner som følgje av eit anslag på verdien av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen til Finansdepartementet.

Departementet foreslår samla å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttas under post 1*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med avvikling av nemndmøte.

Det ligg an til eit meirforbruk på opptil 1,3 mill. kroner i samband med nemndbehandling. Auken kjem av at det er fleire saker enn tidlegare anslått. Kap. 491, post 01 og 21, har stikkorda «kan nyttas under».

I samsvar med prinsippet om realistisk budsjettering foreslår departementet å auke løyvinga på post 21 med 1,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på post 01.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Justis- og beredskapsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---



## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Justis- og beredskapsdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
61		Høyesterett:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01,</i> blir auka med .....	1 444 000
		frå kr 142 006 000 til kr 143 450 000	
400		Justis- og beredskapsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	9 012 000
		frå kr 513 882 000 til kr 522 894 000	
	70	Overføringer til private, blir redusert med .....	10 100 000
		frå kr 20 014 000 til kr 9 914 000	
	71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner, blir auka med .....	1 500 000
		frå kr 20 799 000 til kr 22 299 000	
410		Domstolene:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01,</i> blir auka med .....	27 793 000
		frå kr 3 303 739 000 til kr 3 331 532 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med .....	2 544 000
		frå kr 107 544 000 til kr 105 000 000	
	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overførast,</i> blir redusert med .....	1 680 000
		frå kr 3 180 000 til kr 1 500 000	
411		Domstoladministrasjonen:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01,</i> blir auka med .....	1 602 000
		frå kr 89 894 000 til kr 91 496 000	
414		Forliksråd og andre domsutgifter:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	4 267 000
		frå kr 356 487 000 til kr 360 754 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
430		Kriminalomsorgen:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 431, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 5 611 637 000 til kr 5 721 131 000	109 494 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 82 551 000 til kr 119 051 000	36 500 000
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 133 720 000 til kr 114 220 000	19 500 000
431		Kriminalomsorgsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 430, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 161 980 000 til kr 164 693 000	2 713 000
432		Kriminalomsorgens høyskole og utdanningscenter:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 238 391 000 til kr 253 278 000	14 887 000
433		Konfliktrådet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 161 378 000 til kr 165 371 000	3 993 000
440		Politiet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 23 033 338 000 til kr 23 369 345 000	336 007 000
	22	Søk etter antatt omkomne, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 7 306 000 til kr 5 000 000	2 306 000
	25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning, blir redusert med ..... frå kr 240 958 000 til kr 210 958 000	30 000 000
	48	Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 164 110 000 til kr 165 577 000	1 467 000
	73	Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 713 041 000 til kr 1 045 041 000	332 000 000
	74	Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler, blir redusert med ..... frå kr 6 000 000 til kr 4 000 000	2 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
441		Politidirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 374 034 000 til kr 386 794 000	12 760 000
442		Politihøgskolen:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 689 859 000 til kr 711 331 000	21 472 000
443		Påtalemyndigheten i politiet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 1 588 500 000 til kr 1 630 588 000	42 088 000
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST):	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 623 022 000 til kr 1 679 136 000	56 114 000
445		Den høyere påtalemyndighet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 387 457 000 til kr 395 406 000	7 949 000
446		Den militære påtalemyndighet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 5 514 000 til kr 5 609 000	95 000
448		Grensekommisæreren:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 6 418 000 til kr 7 313 000	895 000
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 1 571 994 000 til kr 1 569 891 000	2 103 000
	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 561 410 000 til kr 601 410 000	40 000 000
	23	Variable utgifter EUs ordning for sivil beredskap, blir auka med ..... frå kr 50 000 000 til kr 60 000 000	10 000 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 265 021 000 til kr 247 221 000	17 800 000
452		Sentral krisehåndtering:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 29 387 000 til kr 29 892 000	505 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
453		Sivil klareringsmyndighet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 61 039 000 til kr 62 123 000	1 084 000
454		Redningshelikoptertjenesten:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 992 422 000 til kr 986 626 000	5 796 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 524 986 000 til kr 1 303 224 000	221 762 000
455		Redningstjenesten:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 155 884 000 til kr 158 700 000	2 816 000
	71	Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten, blir redusert med ..... frå kr 92 490 000 til kr 89 450 000	3 040 000
457		Nasjonal sikkerhetsmyndighet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 541 230 000 til kr 548 629 000	7 399 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 5 943 000 til kr 25 943 000	20 000 000
460		Spesialenheten for politisaker:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 71 132 000 til kr 72 481 000	1 349 000
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m.:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 389 317 000 til kr 1 533 162 000	143 845 000
468		Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 27 600 000 til kr 28 150 000	550 000
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning:	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløying</i> , blir auka med ..... frå kr 131 572 000 til kr 250 000 000	118 428 000
	73	Stortingets rettferdsvederlagsordning, blir auka med ..... frå kr 32 119 000 til kr 35 000 000	2 881 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
473		Statens sivilrettsforvaltning:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 146 259 000 til kr 149 014 000	2 755 000
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 525 000 000 til kr 560 000 000	35 000 000
475		Bobehandling:	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 130 500 000 til kr 133 176 000	2 676 000
480		Svalbardbudsjettet:	
	50	Tilskudd, blir redusert med ..... frå kr 591 548 000 til kr 576 048 000	15 500 000
481		Samfunnet Jan Mayen:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 61 175 000 til kr 61 920 000	745 000
490		Utlendingsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 302 157 000 til kr 1 325 486 000	23 329 000
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak, blir redusert med ..... frå kr 3 461 673 000 til kr 3 015 258 000	446 415 000
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse, blir redusert med ..... frå kr 27 542 000 til kr 21 542 000	6 000 000
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak, blir redusert med ..... frå kr 450 044 000 til kr 412 659 000	37 385 000
	70	Stønader til beboere i asylmottak, blir redusert med ..... frå kr 685 922 000 til kr 669 210 000	16 712 000
	71	Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og veiledning for au pairer, blir redusert med ..... frå kr 9 519 000 til kr 9 202 000	317 000
	72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 38 450 000 til kr 49 912 000	11 462 000
	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 87 894 000 til kr 66 897 000	20 997 000
	75	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 18 547 000 til kr 14 429 000	4 118 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
491		Utlendingsnemnda:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med ..... frå kr 287 951 000 til kr 291 804 000	3 853 000
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling mv., <i>kan nyttast under post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 7 382 000 til kr 8 682 000	1 300 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3400		Justis- og beredskapsdepartementet:	
	01	Diverse inntekter, blir redusert med ..... frå kr 6 341 000 til kr 5 641 000	700 000
3410		Domstolene:	
	01	Rettsgebyr, blir redusert med ..... frå kr 263 490 000 til kr 212 900 000	50 590 000
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene, blir auka med ..... frå kr 21 768 000 til kr 23 300 000	1 532 000
	04	Vernesaker jordskiftedomstolene, blir redusert med ..... frå kr 3 000 000 til kr 1 500 000	1 500 000
3430		Kriminalomsorgen:	
	04	Tilskudd, blir auka med ..... frå kr 8 021 000 til kr 33 021 000	25 000 000
3433		Konfliktrådet:	
	02	Refusjoner, blir auka med ..... frå kr 6 000 til kr 135 000	129 000
3440		Politiet:	
	01	Gebyr – pass og våpen, blir redusert med ..... frå kr 957 257 000 til kr 682 257 000	275 000 000
	02	Refusjoner mv., blir redusert med ..... frå kr 262 296 000 til kr 222 296 000	40 000 000
	03	Salgsinntekter, blir redusert med ..... frå kr 53 201 000 til kr 43 201 000	10 000 000
	04	Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen, blir redusert med ..... frå kr 4 828 000 til kr 2 828 000	2 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	06	Gebyr – utlendingssaker, blir redusert med ..... frå kr 333 969 000 til kr 330 034 000	3 935 000
	07	Gebyr – sivile gjøremål, blir redusert med ..... frå kr 804 850 000 til kr 774 850 000	30 000 000
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, blir redusert med ..... frå kr 79 000 000 til kr 55 000 000	24 000 000
3442		Politihøgskolen:	
	02	Diverse inntekter, blir auka med ..... frå kr 23 187 000 til kr 27 187 000	4 000 000
	03	Eksterne forskningsmidler, blir redusert med ..... frå kr 13 090 000 til kr 10 790 000	2 300 000
3444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST):	
	02	Refusjoner, blir redusert med ..... frå kr 16 154 000 til kr 11 004 000	5 150 000
3451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap:	
	04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett, blir redusert med ..... frå kr 173 581 000 til kr 155 781 000	17 800 000
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett, blir auka med ..... frå kr 536 862 000 til kr 576 862 000	40 000 000
	06	Refusjoner, blir auka med ..... frå kr 7 751 000 til kr 17 751 000	10 000 000
	07	Refusjoner fra EU i forbindelse med variable utgifter knyttet til EUs ordning for sivil beredskap, blir redusert med ..... frå kr 81 200 000 til kr 50 000 000	31 200 000
3457		Nasjonal sikkerhetsmyndighet:	
	01	Inntekter, blir auka med ..... frå kr 36 893 000 til kr 43 893 000	7 000 000
3490		Utlendingsdirektoratet:	
	03	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, ODA-godkjente utgifter, blir auka med ..... frå kr 30 730 000 til kr 31 699 000	969 000
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med ..... frå kr 3 772 873 000 til kr 3 111 058 000	661 815 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	05	Refusjonsinntekter, blir auka med .....	1 107 000
		frå kr 2 878 000 til kr 3 985 000	
	07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter, blir redusert med .....	5 895 000
		frå kr 26 278 000 til kr 20 383 000	
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter, blir auka med .....	11 600 000
		frå kr 40 913 000 til kr 52 513 000	

*Fullmakter til å pådra staten forpliktelser ut over gitt bevilgninger*

II

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2024 kan inngå avtaler og forplikte staten utover budsjettåret til drift og vedlikehold av nød- og beredskapskommunikasjon (Nødnett) i perioden 22.12.2026 til 31.12.2031 under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett. Samlede forpliktelser i hele avtaleperioden kan ikke overskride en ramme på 3 523 mill. kroner (2024-kroner). Fullmakten gjelder også forpliktelser som inngås i senere budsjettår. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

=====